



Tinfos AS, avd. Rosendal
Postboks 96
5486 ROSENDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/642 - 15/5801

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
11.03.2015

Gbnr 246/1 m.fl. og 247/1 m.fl. Dyrkolbotn. Utsett frist for gjennomføring av oppmålingsforretning.

I delegert sak 2012/1389 handsama kommunen spørsmålet om løyvet til å dele frå fallrettane i Botnaelva og areal til kraftstasjon.

Det vart gjort vedtak om å gje løyve til deling.

Vedtaket omfatta og ein tidsfrist på tre år for gjennomføring av oppmålingsforretning og tinglysing av løyvet til å dele frå fallrettane i 40 år. Fristen på tre år går ut 02.07.2015.

I brev datert 20.02.2015 og journalført same dag, søker Tinfos AS om utsett frist for gjennomføring av delinga. Dei grunngjev denne søknaden slik:

«På grunn av avgrensa kapasitet på overordna nett kan ikkje BKK gje tilgang til nett før Olje- og energidepartementet (OED) har handsama søknaden om utbygging av linjetrase Modalen – Matre – Mongstad. Etter at eventuelt løyve er gitt må også BKK gjennomføre investeringshandsaming før dei kan tildele nett til m.a. utbygging av Botnaelva. NVE aksepterer heller ikkje byggestart før tilgang til nett er avklara.»

Vi ynskjer å få klarsignal på dette før vi gjennomfører kartforretning/tinglysing, og søker om utsett frist i to år for å gjennomføre vedtaket.

Vurdering:

Kommunen ser at det er omstende som ligg utanfor utbyggjar sin kontroll som gjer at tiltaket det vart gjeve løyve til, enno ikkje er gjennomført.

Kommunen vurderer det og slik at dei føresetnadane som vart lagt til grunn i vedtaket frå 2012, truleg ikkje er vesentleg endra til no. Dette gjeld tilhøvet til grunneigar, naturtilhøva og planane for gjennomføring av utbygginga.

Det går heller ikkje fram av søknaden om utsett frist at element internt i utbyggingsplanane er vesentleg endra.

På denne bakgrunnen meiner kommunen det er rimeleg å gje utsetjing for gjennomføring av oppmåling og tinglysing med to år, slik det er søkt om.



Kommunen vil streke under at ein ikkje kan rekne med vidare fristutsetjing etter dette. Dersom det då innan juni 2015, ikkje har lete seg gjere å avklare tilhøva slik at vedtaket har lete seg gjennomføre, må tiltakshavar og grunneigarar rekne med at fullstendig søknad må leggast fram. Dette er for å sikre at eventuelle nye og endra føresetnadar i prosjektet kan verte vurdert, slik at vedtaket om deling er i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande føresetnadar og samfunnsmessige krav.

VEDTAK:

Lindås kommunen har vurdert søknaden frå Tinfos AS om utsett frist for gjennomføring av oppmålingsforretning og tinglysing av løyvet til å dele frå fallrettane i Botnaelva og grunn til kraftverk i samsvar med vedtak i sak 2012/1389.

Lindås kommune gjer løyve til å utsetje oppmåling og tinglysing i to år rekna frå 02.07.2015. Ny frist for gjennomføring vert sett til 02.07.2017.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak, og partane har rett til å klage i samsvar med §§28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tinfos AS, avd. Rosendal

Postboks 96

5486

ROSENDAL